

# FRIVILLIGFORUM VESTNES 2024

## Oppsummering av kafeborddialog / innspel til kommuneplanarbeidet

FrivilligForum 2024 vart gjennomført mandag 18. mars på Vestnes bibliotek. Det møtte 30 deltakarar, og 24 organisasjonar var representert. Gruppearbeidet var organisert som kafèborddialog, med inndeling i 5 grupper. Alle spørsmål vart stilt eit og eit, og alle innspel vart skrivne på lappar. Gruppene samordna innspela, og diskuterte seg fram kva innspel dei innad i gruppa tenkte var mest viktig.

I etterkant har referent samla alt i dette dokumentet. Ordskyene er laga ved gjennomgang av innspel, der dei som har blitt nemnt oftast, er mest synleg i skya. I tillegg kjem det ein tabell der ein kan sjå alle innspel som kom inn, før ei oppsummering. I oppsummeringa er det satt søkelys på dei tre innspela til kvart spørsmål, som var oftast nemnt.

### Spm. 1: KVA ER BRA I VESTNES?



<b>Natur og friluft</b>	<p>Gode friluftsmuligheter          Flotte turstiar          Fine badestrender          Kort vei frå fjord til fjell          En flott sjøfront          Attraktivt og sjønært sentrum          Bra plassering i fylket, rolig og sentralt          Ingen trafikklys!</p>
<b>Fritid</b>	<p>Varierte fritidstilbod          Rikt kulturliv          Flott bibliotek som har gode aktivitetar og femnar mange          Bra ungdomsklubb – SMUD          Mange ulike frivillige organisasjonar          Høgt nivå både på utøverar og instruktørar i kulturlivet          Kulturskulen – aktiv og god          Mange ulike arrangement          Allsidige idrettsaktivitetar          Bygdekinoen          Aktive bygdelag</p>
<b>Handel</b>	<p>Næringslivet er positive til sponing og støtte          Vestnes har eit godt handelstilbud          Gode butikkar – god service          Bruktbutikken er eit positivt tilskot          Godt utvalg av daglegvarebutikkar</p>
<b>Arbeid</b>	<p>Lett tilgang på arbeidsplassar i alle retningar          Midt i blinken plasseringa gir gode samarbeidsmuligheter          Gode jobbmuligheter</p>
<b>Folk</b>	<p>Kjekke og engasjerte ungdommar          Fine folk          God dugnadsånd          Godt samhold          Et bra ungdomsråd</p>
<b>Anna</b>	<p>Ein kommune i utvikling!</p>

## Spm.2 Kvar vil vi? Kva mål/ planar/visjonar har vi realisert innan 2036



<b>Nye bygg</b>	Vi har eit kulturhus i sentrum av Vestnes med gode og praktiske løysingar Vi har eit kulturhus med museum Sjøblomsten Kulturhusdraumen er realisert! Vi har ein ny kulturkule i eit lokale som er berekna for kulturkuledrift Vi har ein ny, moderne og velfungerende felles ungdomsskule
<b>Nye anlegg</b>	Fleire arenaer både for idrett og kultur som er tilrettelagt for fleire aktivitetar Idrettsanlegg av regional størrelse Fotballhall i sentrum Fullt utbygd motorsportarena Vannsportarena på Flatevågen Rulleskiløype på fjellet Fleire lavterskeltilbod i naturen, for eksempel rulleskibane Betre tilrettelegging for andre idrettsaktivitetar enn fotball
<b>Nye tilbod</b>	Vi har eit aktivt seilbåtmiljø for alle aldrar Vi har ein stor bruktbutikk ala Kirppis Vi har ein aktiv leikarring for barn og vaksne Vi har aktivitetstilbod som gir mening og meistring til alle Vi har mange fleire lavterskeltilbod i naturen, eks. rulleskibane
<b>Frivilligheita</b>	Frivilligheita blir satt større pris på Frivilligheita er meir synleg Kommunen bidreg til å synleggjere frivilligheita Vi har mange fleire frivillige Vi har fleire møteplassar for barn og ungdom

	<p>Vi har en aktiv dugnadsånd</p> <p>Vi har redusert utanforskap- ALLE er med</p> <p>Vi har eit solid fellesskap på tvers av bygdene</p> <p>Vi har ingen bygdestrid</p>
<b>Økonomi</b>	<p>Kommunen har betre økonomi, og kan vere raus med kulturlivet</p> <p>Rimelegare elevbetaling i kulturskulen</p> <p>Rimelegare kontigentar og avgifter for barnefamiljar, både i kulturskule og organisasjonar elles.</p>
<b>Oppvekst</b>	<p>Skulen har meir fokus på praktiske fag</p> <p>Vi har mindre mobbing i skulen</p> <p>Vi har gode førebyggjande tiltak som styrker den psykiske helsa hos born og unge</p> <p>Vi har mindre skulevegving</p> <p>Vi har fleire tilsette innan skulesektoren</p>
<b>Unge vaksne</b>	<p>Ungdommen vil tilbake til Vestnes, og vi har jobbar til dei</p> <p>Vi har fleire tilbod for unge vaksne, slik at dei kjem tilbake</p> <p>Det blir født fleire born</p>
<b>Eldre</b>	<p>Vi har eldre som er friskare og raskare</p> <p>Vi har fleire hender i eldreomsorga</p> <p>ALLE som treng sjukeheims plass, får sjukeheims plass</p> <p>Vi har gode og nok institusjonsplassar</p>
<b>Andre innspel</b>	<p>Innbyggjartalet har auka</p> <p>Vi har levande bygder</p> <p>Vi har framleis eit rikt kulturliv og mange tilbod</p> <p>Vi har meir turisme til Vestnes</p> <p>Vi har eit bedre kollektivtilbod med fleire bussruter på kveld/helg</p> <p>Vi har fleire tilsette innan helse</p> <p>Vi har framleis både hjelpekorps og omsorgsgruppe i Røde Kors</p> <p>Vestnes kommune er blitt ein attraktiv stad å flytte til for dei som ikkje er herfrå.</p> <p>Vestnes er eit naturleg møtepunkt i fylket for både kunst- kultur- og idrettsarrangement.</p>

### Spm. 3. Kva treng vi for å nå måla våre?



<b>Folk</b>	Fleire frivillige som vil bidra Fleire frivillige som tar på seg verv Fleire medlemmar Fleire ildsjeler Positive og engasjerte menneske Stå På vilje og entusiasme Fleire innbyggjarar Fleire bustader At både små og store lag må blir meir synlege
<b>Samarbeid</b>	Eit godt samarbeid mellom kommunen og dei frivillige At Kulturskulen/korpsa og grunnskulane samarbeider om korps i skulen prosjekt Samarbeid om satsing på talent innan kultur Meir samarbeid på tvers av bygdegrensene Framsmakking av kvarandre Eit godt samarbeid mellom organisasjon/kommune og næringslivet Vi må tenke helhetlig, se sammenhenger Meir support/dugnadsånd Mindre lokalpatriotisme Mindre bygdestrid Eit større VI
<b>Støtte / økonomi</b>	Bedre kommuneøkonomi Meir pengar til kulturlivet Fleire søkbare ordningar Administrativ støtte frå kommuneadministrasjonen til lag og foreningar Gode og fleire støtteordningar

	<p>Bedre offentlige finansieringsmodeller</p> <p>Positive politikarar</p> <p>Hjelp fra kommunen/ positive tilbakemeldinger til folk som ønsker å utvikle noe</p>
<b>Hus/anlegg</b>	<p>Eit kulturhus på Vestnes</p> <p>Bedre lokalitetar til å utføre både idrett- og kulturaktiviteter</p> <p>Fleire møteplassar / uhøgtidlege treffpunkt</p> <p>Ein ny kulturskule som blomstrar</p> <p>Ein ny felles ungdomsskule med kulturskule</p> <p>Vi treng at det settes av nok areal til formåla- eksempelvis nok areal til idrett/idrettsanlegg</p> <p>Vi treng fleire eigna arenaer til både idrett og kultur</p>
<b>Kommunikasjon</b>	<p>God kommunikasjon mellom politikarar og innbyggjarar</p> <p>Bedre marknadsføring av kommunen – ansett ein kommunikasjonsrådgivar!</p> <p>Bedre omtale og PR om kva som skjer i Vestnes</p> <p>Det må bli enklere å finne informasjon på fleire språk</p>
<b>Anna</b>	<p>Gode kvaliteter i tenestene – frå barnehage til eldreomsorg</p> <p>Fleire lavterskeltilbod</p> <p>Fleire arbeidsplassar</p> <p>Mulighet for barnepass på kveldstid</p> <p>Attraktivt arbeidsmarknad med stor variasjon – samt at det er enkelt med heimekontor – gode løysingar ala cowork</p> <p>Kommunen må satse på ALLE aldersgrupper</p> <p>Vi må sette oss felles mål</p> <p>Vi treng fleire folk i helsesektoren- yrka må framsnakkas</p> <p>Vi treng eit bedre og meir utvida kollektivtilbod</p>

#### Spm. 4. Kva hindrar oss?



<b>Fasilitetar</b>	<p>Mangel på anlegg/ areal for anlegg</p> <p>Hus til å drive aktiviteten</p> <p>Manglande lokalitetar/ areal, og ofte manglande vedlikehald på eksisterande lokale</p> <p>Mangel på kulturhus</p>
<b>Folk</b>	<p>Sviktande dugnadsånd</p> <p>At vi er for lite synlege</p> <p>Mangel på vilje/kunnskap i foreldregenerasjonen – enkelte lar ikkje ungane delta i fritidsaktivitetar</p> <p>Folk er overarbeidd og har nok med seg sjølv</p> <p>Tidsklemma</p> <p>At vi ikkje samarbeider og støttar opp om kvarandre</p> <p>Færre frivillige</p> <p>Færre frivillige som ønsker å ta på seg styreverv</p> <p>At vi blir færre innbyggjarar</p> <p>At vi er ein liten kommune – kan ikkje få til alt</p> <p>For få som drar lasset</p> <p>At vi har for lave ambisjonar</p> <p>Rivalisering mellom bygdene</p> <p>Rivalisering mellom bygd og sentrum</p> <p>Interne stridigheter</p> <p>Negativ tankegang</p> <p>At vi henger igjen i gamle mønster/ gubbevelde</p> <p>At vi ikkje samarbeider, men strides mellom bygdene</p>
<b>Ressursar</b>	<p>Kommuneøkonomien</p> <p>Økonomi</p> <p>Dårleg informasjon om kva som finnes</p> <p>Lite informasjon om kva som finnes, på fleire språk</p> <p>Skjemaveldet- lange og kompliserte søknadsprosessar</p> <p>Ressursane strekk ikkje til</p> <p>Tunge og store prosessar som er for tidkrevjande</p> <p>Vi manglar gode støtteordningar</p> <p>Mangel på konkrete planar</p>
<b>Anna</b>	<p>«Skuffedokumenter» - Planverk/avtaler må følgjast opp og ikkje berre hamne i ein skuff</p> <p>«Trynefaktoren» - Gode forslag blir nedprioritert fordi enkeltpersoner eller «feil» politisk parti kjem med forslaget</p> <p>Mangel på kunnskap og/eller kompetanse</p> <p>Transportmulighetene</p> <p>At vi ikke klarer å enes om en felles retning/ et felles mål</p> <p>Vi må ha sterkare samhandling i planlegging og gjennomføring mellom ansatte, politikere og «folk flest»</p>

## Oppsummering – innspel frå FrivilligForum 2024

Her er dei tre innspela som fekk mest fokus totalt sett – på kvart av dei fire spørsmåla som vart stilt.

### Kva er BRA i Vestnes?

#### Natur og Friluft

- Trekk breitt fram som ein styrke i kommunen, og her nemnes både turstiane, fjella, fjorden, sjøen, badestrendene, kort veg frå fjord til fjell, den fine sjøfronten i sentrum, gode friluftsmulegheiter m.m.

#### At kommunen har eit rikt kulturliv og varierte fritidstilbod

- Det er positivt at det er så mange ulike lag og organisasjonar i kommunen. Det er høgt nivå på det som skjer innan kultur/fritid, og her trekkes kulturskulen fram som ein viktig samarbeidspart, med dyktige lærarkrefter. Biblioteket er ein stad som mange er stolt av i Vestnes, med allsidige aktivitetar som femnar mange. SMUD (ungdomsklubben) er ein viktig stad, og eit godt tilbod der mange ungdommar finn sin plass. Idretten blir og framsnakka som allsidig i Vestnes, (men her nemnes og at det kan bli betre, med fleire tilbod)

#### Plasseringa i fylket

- Det at vi ligg plassert «midt i blinken» gjer at det er lett å samarbeide med andre. Det gjer og at ein kan bu i Vestnes, men ha tilgang på arbeidsplassar i alle retningar.

**Elles blir næringslivet og handelstilbodet i kommunen framsnakka som gode, serviceinnstilte og positive til å støtte opp om lag og organisasjonar – dette er ein styrke for frivilligheita!**

### Kvar vil vi? Kva mål/planar/visjonar har vi realisert innan 2036?

#### Vi har eit kulturhus

- Frivilligheita trekk fram behovet for eit kulturhus med gode og praktiske løysingar. Dette er nemnt i alle gruppene. Dei skriv «i sentrum» eller «På Vestnes». Det blir og nemnt «Kulturhus med museum Sjøblomsten». Vestnes som «naturleg møtepunkt i fylket for både kunst-kultur og idrettsarrangement» - og då trengs det gode lokale som er egna, ifølgje frivilligheita.



### **Frivilligheita er meir synleg / og vi har fleire frivillige**

- Her nemnes at det er eit ønske kommunen i framtida bidreg med å synleggjere frivilligheita i større grad enn i dag, men og at frivilligheita sjølv må bli betre på å gjere seg synlege. Målet er at frivilligheita i framtida blir satt meir pris på, det er fleire frivillige, og dugnadsånda er stor.

### **Vi har mindre bygdestrid**

- Dette trekkes fram som viktig frå alle gruppene. I framtida ønsker frivilligheita seg eit SOLID fellesskap på tvers av bygdene, og at det skal bli slutt på strid mellom bygder og mellom bygd/sentrum. SAMARBEID og FRAMSNAKKING framfor strid og misunning.

## **Kva treng vi for å nå måla våre?**

### **Fleire ildsjeler**

- Her nemnes at det trengs fleire frivillige som vil bidra, fleire som vil ta på seg verv, fleire medlemmar, meir engasjement m.m.

### **Samarbeid**

- Det trengs meir samarbeid, mellom fleire. Samarbeid mellom kommunen og dei frivillige, Samarbeid mellom kulturskule/korps/grunnskule, Samarbeid om satsing på talent, meir samarbeid over bygdegrensene, meir framsnaking, eit godt samarbeid med næringslivet, minndre bygdestrid, mindre lokalpatriotisme og eit større VI.

### **Betre økonomi/fleire støtteordningar**

- Det saknast gode og fleire støtteordningar, både tildelte og søkbare. Det er eit håp om at kommuneøkonomien skal vere betre slik at kommunen har råd til å vere rausare med støtte til frivilligheita. Betre offentlege finansieringsmodellar er etterlyst, samt at det trekkes fram eit behov for støtte frå kommunen i form av positivitet og oppmuntring/hjelp når nokon ønskjer å sette i gang/utvikle noko.

## **Kva hindrar oss?**

### **Bygdestrid**

- Rivalisering mellom bygder, og mellom bygd og sentrum trekkes fram som ein særskilt viktig faktor som hindrar utvikling. Det er eit hinder at vi ikkje samarbeider og støttar opp om kvarandre i større grad.

### **Økonomi/ressursar**

- Dei økonomiske ressursane strekk ikkje til. Det manglar gode støtteordningar, og søknadsprosessar trekkes fram som tidkrevjande. Det er og eit stort hinder at det er mangel på folk/ildsjeler, og at dugnadsånda verkar å vere dalande.

### **Fasilitetar/areal**

- Det trengs hus til å drive aktiviteten, anten det er kultur/idrett eller anna aktivitet. Det trengs areal for å utvikle idretten. At Vestnes ikkje har eit godt og praktisk eigna kulturhus trekkes fram som eit hinder, men og manglande vedlikehald på eksisterande lokalitetar.

Referent

Hege Haugen

Konstituert leiar, Vestnes Frivilligsentral